

## Overskot for treverksemder

10.09.2012

**Det vart eit positivt resultat i fjor for treverksemdene i Uskedalen. Medan Uskedal Trelastlager hadde eit resultat på 514.000 etter skatt fekk Byggpartner Kvinnherad også eit overskot, opplysar Frode Bu. Kvinnheringens opplysning i går om underskot for Byggpartner er altså ikkje rett.**

I ein reportasje om Lio Sag og Treforedling vert det opplyst at dei hadde eit årsresultat på 639 000 kroner etter omsetnad på 10,8 millionar. Rune Myklebust kjøpte denne bedrifta i 2002 og opna butikken i Rosendal det same året. I år får dei mellom 11 og 12 millionar i omsetnad. Om eitpar år er gjelda nedbetalt.